

Eidfjordnytt

Manifest mot mobbing
Eidfjord idrettslag – trimgruppa
Mange gode tiltak for born og unge i Eidfjord
Presentasjon nye kommunestyrepolitikarar
Arne Bu
Ny hotelldirektør





Busetjing av flyktningar

Dei siste åra har det vore ein jamn straum av flyktningar til Noreg, og dei aller fleste kommunar har etter kvart bygt opp eit apparat til å ta imot desse. Det siste halve året, og spesielt dei siste månadane har me opplevd at flyktningestraumen nærast har eksplodert. Kapasiteten ved grenseovergangane og på dei ordinære asylmottaka er sprengd. Styresmaktene opprettar no dagleg nye akuttmottak for at folk skal få tak over hovudet.

Langvarige konflikhtar i Afrika, Asia og Midtausten tvingar folk på flukt. Media er fulle av reportasjar frå dramatiske hendingar når folk prøver å kryssa Middelhavet i skrøpelege farkostar. Borgarkrigen i Syria har utvikla seg til den største humanitære krisa i vår tid, og var hovudgrunnen til at FN sin høgkommissær for flyktningar tidleg i år bad Europa ta imot 100.000 flyktningar. Dei siste månadane har vist at mange fleire er på vandring til og i Europa. Utlendingsdirektoratet har varsla at talet som søker opphald berre i Noreg truleg vert opp mot 30.000 i år. Svært mange av dei som kjem er born som ikkje har nære pårørande med på reisa. Desse er endå meir sårbare, og treng ekstra omsorg.

Eidfjord kommunestyre vedtok i juni 2015 å vera med på den nasjonale dugnaden for å busetja fleire flyktningar. Rådmannen la med bakgrunn av dette vedtaket fram ny sak til septembermøtet, og kommunestyret slutta seg samrøystes til at det kan koma inntil 30 flyktningar til oss dei neste to åra.

Eidfjord er eit lite samfunn og me ynskjer å ta godt imot dei som kjem. Me har tru på at det er lettast å integrera familiar, og har sendt signal til UDI at me helst ynskjer familiar med same kultur og bakgrunn.

Dei tilsette i Eidfjord kommune vil gjera det dei kan for at våre nye innbyggjarar skal få det bra og finna seg til rette i Eidfjord. Eg vil også oppmøda våre mange frivillige lag og organisasjonar til å engasjera seg til beste for våre nye naboar.

Jola står for døra, og eg vonar me alle får ei fin feiring. Dei fleste av oss skal sikkert feira den ilag med slekt og vener. Om dei første flyktningane er på plass i Eidfjord før jol er usikkert. Skulle det skje er det fint om dei som kan, viser litt ekstra omtanke for dei nye som kjem, og som ikkje har fått opparbeidd eit nettverk som dei fleste andre av oss.

Eg ynskjer dykk alle ei god jol og eit godt nytt år

Anved Johan Tveit
ordførar

INNHALD

- 4 Eidfjord ungdomsråd
- 5 Manifest mot mobbing
- 6 Eidfjord idrettslag – trimgruppa
- 7 Mange gode tiltak for born og unge i Eidfjord
- 8 Kulturkomitéen / Herreklubben
- 9 Aspirantopplæring
- 10 Stemningsrapport frå bygdaheimen
- 12 Presentasjon av flunkande nye kommunestyrepolitikarar
- 18 Nytt frå Destinasjon Eidfjord
- 20 Året som gjekk 2015
- 22 Litt frå Modnen barnehage
- 24 Informasjon frå Eidfjord fjellstyre
- 26 Ser lys i enden av tunnel
- 30 Nytt frå biblioteket
- 31 Jolestemning på SFO
- 32 Toneskredo 25 år

EidfjordNytt vert utgjeven av
Eidfjordkommune, 5783 Eidfjord

Heimeside:

www.eidfjord.kommune.no

Tlf: 53 67 35 00

Fax: 53 67 35 75

Epost:

postmottak@eidfjord.kommune.no

Redaksjonsnemnd:

Glenn Wiik
Aud Opheim Lygre
Brynjulf Mugaas
Gunn Sandvik
Lisbet B. Celik

Grafisk Produksjon:

Voss Prenteverk
Grafiske Tenester AS

FOTO/ILL.: René Roverts



Bak frå v.: Håvard Sæbø, Ådne Herland, Hildegunn Weum (vara), Nikolai Medhus, Herman Jacobsen. Framme frå v.: Maria Myklatun, Katrine Riber Garen (leiar) og Amanda Hauso Sandven.

Eidfjord ungdomsråd 2015/2016

Eidfjord ungdomsråd 2015/2016 2. og 4. september vart det utført nytt val av ungdomsråd på Eidfjord kommunale fritidsklubb. Det var god oppslutnad om valet og det nye ungdomsrådet består av Katrine Riber Garen (leiar), Amanda Hauso Sandven (nestleiar), Håvard Sæbø, Maria Myklatun, Ådne Herland, Nikolai Medhus, Herman Jacobsen Telle og Hildegunn Weum (vara).

Katrine Riber Garen er i tillegg utsending til alle møte i Hardanger ungdomsråd og vart i 2015 vald inn i UFU (Ungdommens fylkesutval). 21. og 22. november var Amanda og Maria utsendingar til nettverksam-

ling med Ungdommens fylkesutval, medan Katrine var med der som medlem i UFU.

Ungdomsrådet er også styret til fritidsklubben og har laga eit flott program for hausten og arbeider for å få fleire til å koma på klubben. Dei har også behandla budsjett og økonomiplan og kome med uttale til denne. Ungdomsrådet ynskjer å uttala seg i fleire saker og det er mogleg å koma med egne saker. Har du som ungdom noko du vil at ungdomsrådet skal ta tak i så snakk med ein av medlemmane eller Bergljot Maria Veivåg.

TEKST OG FOTO: *Bergljot Maria Veivåg*



Sæbø skule er ein god møteplass

Annankvar onsdag treffast me, blant mange andre ting, til ein heilt uformell møteplass for alle i Eidfjord kommune, på Sæbø skule. Her er det koseleg møtelokale med tilknytning til godt kjøken. Det er heilt frivillig organisert. Ein kan ta med seg eitkvart å jobba med, til dømes handarbeid visst ein ynskjer det, men det er det å treffast som er viktigast. Praten går lett og det vert fortalt mange gode historier, ikkje minst frå eldre tid. Me vil spesielt nemna fire damer på godt over 90 år som trufast møter opp, kvar gong – Guro, Gudrun, Sigrid og Ruth. Og så har me sjølvsagt kaffi og te og noko godt å bita i. Som du ser på biletet har me svært godt oppmøte.

TEKST OG FOTO: *Ragnhild Herstad*

Manifest mot Mobbing

Læg Reid skule

I dag gjekk alle elevane og tilsette på skulen saman i eit langt "vennskapstog", der ordførar Anved Johan Tveit og skulefagleg rådgjevar, Knud-Erik Gissel, også var tilstades. Alle heldt i eit langt tau for å symbolisera samhald, at på Læg Reid skule held me saman.

Skulen har hatt markering ein time kvar dag denne veka (veke 36), der dei ulike trinna har hatt ansvar for aktivitetar for alle på skulen. Tysdag hadde mellomtrinnet ulike leikar i samfunnshuset og onsdag hadde småtrinnet si markering, vennskapstoget. Torsdag skal ungdomssteget ha si markering som inneheld song og dans for heile skulen. Me avsluttar på fredag med underholdning for heile skulen. Dette har så langt vore veldig positivt motteke blant både elevar og tilsette.

TEKST OG FOTO: *Hilde Voll og Camilla Meel*





EIDFJORD IDRETTSLAG

- TRIMGRUPPA

Eidfjord Idrettslag v/trimgruppa arrangerte helga 31.10-01.11 2015 bootcamp i idrettshallen. Her var det leigd inn Signe Kristin Handal, som jobbar som personleg trenar på treningssenteret EVO Fitness i Oslo.

Me møttest i hallen laurdag morgon kl. 10.00. 24 spreke og glade damer møtte opp. Første del av seansen gjekk ut på at Signe Kristin snakka om kor viktig det er å trena styrke. Både med tanke på å førebyggja, og det å tåla/takla kvardagen ellers. Ho viste oss deretter forskjellige styrkeøvingar og teknikk, kun ved å bruka eiga kroppsvekt.

Etter lunsj, vart det siste timen praktisk trening, der alle måtte gjera øvingane ho hadde vist oss tidlegare. Etter 4 timar gjekk alle, støle og glade, heim for å kvila/resituera seg til sundag.

Dag 2 starta med teori første timen, der kosthald var hovudtema. Der fekk me god gjennomgang av samansetjing av eit sunt og godt måltid. Viktig å få i seg både proteiner, karbohydrater og fett. Signe Kristin poengterte at både potet og brød er viktige næringskjelder som alle bør få i seg. Deretter var det 1 time med Tabata og sirkeltrening. Dette var ei hard økt, der alle fekk sveitta godt! Etter lunsj var det ein ny hard time med intervalltrening i grupper.

Alt i alt ei lærerik og kjekk helg der også damer frå nabokommunane Ullensvang og Ulvik deltok. Tilbakemeldingane er at alle syntes dette var svært nyttig og lærerikt, og dei håper dette kan arrangerast fleire gongar.

Eidfjord Idrettslag v/trimgruppa har eit veldig godt treningstilbod i idrettshallen.

Her er forskjellige timar fire gongar i veka. Stepintervall med styrke to gongar pr. veke, spinning med styrke og rein spinningtime. Alt i alt noko for alle. Treningstidene finn ein på heimesida til idrettslaget: www.eidfjordil.no Men det er alltid plass til fleire – så alle er hjarteleg velkomne.

TERRENGLØP FOR BARN

Andre arrangement i regi av trimgruppa til idrettslaget, er terrengløp for barn.

Dette har vore 5 måndagar totalt i haust, der me siste samlinga avslutta med kos i målområdet på Hereid. Då fekk alle varm saft, havregrynsgraut og medalje. Her har vore godt oppmøte med over 30 ungar totalt.

TEKST OG FOTO : *Britt Langøy*
og *Anita Myklatun*

MANGE GODE TILTAK

FOR BORN OG UNGE I EIDFJORD

Kommunestyret vedtok i samband med budsjetthandsaminga desember 2014 at dei ville oppretta ein komitè som skulle sjå på tilboda til ungdom i Eidfjord kommune. I denne komiteen var Arne O. Bu leiar, saman med seg hadde han Kari Tveit Hovland, Katrine Riber Garen og Maria Myklatun, Bergljot Maria Veivåg var sekretær. Komiteen hadde to møte og sende ut ei spørjeundersøking til alle ungdommar i alderen 13 – 18 år. Her var det lista opp alle organiserte og uorganiserte fritidsaktivitetar som ein kan driva med i Eidfjord, i tillegg kunne ungdommane føra på dersom det var noko som mangla. Konklusjonen frå denne undersøkinga var at ungdommane var godt nøgde med dei tilboda som var og at dei nytta svært mange av tilboda. Det kom også fram kva som ikkje fungerte så godt og kva ungdommane nytta lite. Eit tydeleg sakn var tilgong til styrketreningsrommet i idrettshallen som no har 18 års aldersgrense. Det vert det arbeidd med no og med forhåpentleg oppstart etter nyttår.

Våren 2015 vart det også gjort ei undersøking blant ungdomskulelevane på Lægreid skule som gjekk på rus og kriminalitet, Ungdata. Denne undersøkinga konkluderte også med at ungdom i Eidfjord var svært nøgde med dei tiltaka som er, denne undersøkinga kan du lesa her: <http://www.ungdata.noid/28249.0>

I Eidfjord har både idrettslaget og kyrkja flotte tiltak for born og ungdom i alle aldersgrupper, meir om desse tiltaka kan du lesa om på heimesidene deira www.eidfjordil.no og www.eidfjordkyrkje.no
I kulturskulen kan unge vera med frå dei byrjar på skulen og opp i vaksen alder, her er det tilbod innan song, musikk og drama. For dei som vil vera aktive er det ope badebasseng fleire kveldar i veka samt at Eidfjord har fått sitt eige Barnas Turlag, kalla «Kvisten turlag» som har hatt fleire trivelege turar i 2015. Opningstider i badebassenget finn du på heimesida til kommunen medan Kvisten Turlag kan du fylgja på facebook. Det er også babysymjning for dei aller minste borna i vinterhalvåret, denne føregår i terapibassenget på kommunehuset og vert leia av Gisella Orellana Vinge.

Kulturkontoret har også fleire tiltak for born og unge. Kvar måndag kl. 17 – 19 frå oktober til april er det juniorklubb på Sæbø skule i Øvre Eidfjord. Her er det Ole Johnny Odland som er med borna saman med ein føreset. Klubben er for born frå 1 – 7 klasse og det er påmelding på hausten. I juniorklubben er det tilgong til gymsalen, biljard, bordtennis, brettspel, ego, musikk, teikning og handverksutstyr med meir.
For ungdom i alderen 8. klasse til 18 år er fritidsklubben open kvar

onsdag kl. 18 – 22 og anna kvar fredag kl. 18 – 23 frå september til juni (stengt jol, påske og sommarferie). Her er det Bjarte Eriksen og Bergljot Maria Veivåg som er med ungdomane, i haust har me også hatt med oss Silje Malene Haavik som lærling. På fritidsklubben er det tilgong til biljard, bordtennis, brettspel, data, x-box, playstation med meir. Me har også ulike temakveldar og i haust har me hatt skrivekurs, spelekveld, jolebrustest, pepperkakebaking og førjolsfest. Etter nyttår kan elevar i 7. klasse få koma på klubben.

Dei siste to åra har me ikkje hatt jentegruppe på grunn av for lite oppslutnad. Denne hausten var det heldigvis oppstart igjen og 9 flotte jenter er med oss. Det er helsesystem Anne Myklatun og Bergljot Maria Veivåg som er med jentene. Me har døypt om gruppa til jentekafe og skal møtast ein gong i månaden frå oktober til og med april. Kvar samling har ulikt tema og innhald samtale, refleksjon og ein praktisk del. Me håper at jentene vil fylgja med fram til vidaregåande og at dette kan vera med å samla jentene på ungdomsskulen på tvers av klassetrinna. På ein så liten stad er det viktig at alle føler tilhøyrslø og trivst i kvardagen.

TEKST: *Bergljot Maria Veivåg*



FOTO :Hans Hellevang

Kulturkomitéen / Herreklubben

Kva er nytt i Kulturkomitéen? Når me ser attende på året 2015, lyt me seia oss godt nøgde med aktiviteten. Sjølv sagt kunne me i Kulturkomitéen alltid ynskt at me hadde klart å arrangera endå fleire underhaldningsdagar på Bygdaheimen, men sett under eitt har året vore bra. I vår laga me sjølve til dei fleste arrangementa der me viste film og bilete, medan me frå sumaren av har hatt vitjing av fleire underhaldarar utanfrå. Bussi Karlsen song taterviser og fortalde om livet som reisande, Edgar Paulsen framførte Jim Reeves-songar, Den Gode Melodi tok fram slagarar «mor mi» likte og Arne Mørch serverte ei samling gamle populærmelodiar og inviterte til allsong.

No går me straks inn i 2016, og Kulturkomitéen tek fatt på sitt niande år. Men før den tid vert det i romjula for sjuande gong juleunderhaldning på Bygdaheimen.

Det er også ekstra stas å få ynskja Samson Instanes velkomen som medlem av Kulturkomitéen. I styret

elles sit leiar Lars Hoel, Gunnvor Hopen Veka og Hans Hellevang. Kontakt oss på epost-adressa: kulturkomiteen@outlook.com

Herreklubben

I Herreklubben går aktiviteten som vanleg. I januar tek me fatt på vårt femte år. Kvar einaste månad samlast karane. I sumar hadde me ei fin oppleving med tur til Krossdalen og deretter til Fagerheim fjellstove. I Krossdalen vart det kaffistopp, og så bar det innover Vidda til fots ..., neidå, me hadde nok bilar, og alle elleve kom seg velberga inn til fjellstova, der knapt nokon av oss hadde vore før – trass i lange liv i Eidfjord. Ein tinga rjomegraut, og ti ynskte aure. Så no veit de – nesten – alt om dén turen.

I tillegg til vanlege treff i Herrestovo ved Bygdaheimen, hadde me 27. oktober ein strålande tur utover fjorden. Ni mann fekk fyrst ei veldig spanande vitjing på den gamle handelsstaden på kaien på Ringøy.

Ein lyt berre vera imponert over kor flott eigaren, Toralv Mikkelsen, tek vare på den tradisjonsrike staden. Mikkelsen fortalde om historia til plassen, og me fekk sjå den heilt unike landhandelen. Dette vart verkeleg ei framifrå kulturhistorisk oppleving.

Etter Ringøy-vitjinga meinte me at ein lunch på Gløyp spiseri i Kinsarvik måtte vera det einaste riktige. Rett nok var det stengt denne tysdagen, men vår tidlegare butikksjef på Joker, Steinar Rinaldo, opna spesielt for oss og serverte ein herleg og veldig spanande lunch. Steinar er no eigar av restauranten, og me kan trygt tilrå ein tur ut dit. For på Gløyp kjenner ein seg særleg velkomen, og me trur mange vil ha opplevinga av å treffa att ein gamal ven – frå Eidfjord.

I desember samla me oss til joleavslutning og fekk mellom anna sjå ein biletserie med musikk; ein kavalkade over aktivitetar gjennom heile året.

TEKST : Lars Hoel. FOTO: Hans Hellevang

1 Arne Mørch frå Hønefossa er ein av underhaldarane på Bygdaheimen i år

2 Ragnhild Kleivkås og Elsa Garatun gjorde stor suksess med utstillinga "Glade Amatørar"

3 Herreklubben-karane er dyktige bocciapelarar. Her syner Leif Hereid korleis ein skal spela, til Olaf Henne, Samson Instanes og Per Kvammen

4 Herreklubben på den gamle handelsstaden på Ringøy. Frå v. Kjell Arve Vestli, Kåre Engseth, Arne Ronny Ramsdal, Tor Bu, Leif Hereid, Olaf Henne, Samson Instanes, Hans Hellevang og verten, Toralv Mikkelsen.



FOTO : Hans Hellevang

Aspirantopplæring

Etter haustferien vart det endeleg starta aspirantopplæring igjen i Eidfjord. Det er no over ti år sidan det var eit skulekorps i Eidfjord, og draumen er å få det opp å gå igjen. No er me på god veg! Samtidig som aspirantopplæring starta opp i kulturskulen, fekk også mellomtrinnet på skulen prøvd seg som blåsarar. I grupper på fem og fem, har dei vore ute med Hilde Anette i musikktimeane. Her har dei fått testa ut både kornett, althorn og baryton, før dei måtte velja sitt hovudinstrument. Dette har vore veldig populært! Alle har fått lyd, og det var interessant å prøva dei ulike instrumenta. Det er klart at det er stor forskjell å blåsa i ein liten kornett enn ein stor baryton. Kvar og ein har prøvd seg fram, og

funne sin favoritt. Det er ei kjekk og engasjert gruppe å ha med seg i musikktimeane.

Onsdagar kl.16.00 kjem Tord Marøy til Eidfjord og driv aspirantundervisning i kulturskulen. Tord dirigerer også korpset i Ulvik, og har lang fartstid i Manger Musikklag. Til no er det 8 elevar som har meldt seg på frå mellomtrinnet, men 4. klasse har også høve til å verta med. Det er to på kornett, to på althorn, to på baryton og to på perkusjon. Antalet har økt litt veke for veke, og her er fortsatt plass til fleire. Bekjeden frå Bjørne er som følger: Dersom onsdag kl.16 kræsjar for nokon mot andre aktivitetar, så er det berre å melda seg på likevel. Timeplanene er fleksible, og ting kan ordnast opp i!



TEKST & FOTO : Hilde Anette Bu. Aud Jorunn Skjerven



100-årsjubilanten Inger Hereid



Frå venstre; Arne Ramsdal, Synnøve Margrethe Vik, Inger Hereid, Anved Johan Tveit, Kati Hus og Borghild Nilsen (101 år)



Kompisane Frode Aga og Henry Hereid.



To gode vener, Arne Ramsdal og Henry Hereid



Gjertrud Kvamsdal og Liv Stakseng.



Ingeleiv Sletten, Ingrid Engseth og Ingeborg Roverts



Liv Stakseng, Anna Evensen og Anna Engtrø.

STEMNINGS- RAPPORT

FRÅ BYGDAHEIMEN

Inger Hereid feira 100-årsdagen den 7. november med stor fest på bygdaheimen. Kjøkenet serverte ein trerettars middag med alt som høyrer til på ein slik stor dag. Ordføraren var invitert og gav henne ei helsing frå Kongen og ein stor og flott blomebukett frå kommunen

Ein dag fekk me besøk av Frode Aga som ville treffa Henry Hereid. Dei har kjent kvarandre i mange år. Frode Aga kom til Eidfjord for ca 40 år sidan. Han arbeidde på Maurseth i mange somrar - først som gardsgut, seinare som kokk. Han fekk omvising på bygdaheimen. Han var mektig imponert og merka seg kjøkenet, vekemenyen og fokus på god og næringsrik mat. Frode Aga er ein anerkjent kokk og ein humørspreiar. Han tok sjølvsagt eit par historier til damene.

Me er så heldige at me har songstund med Ingeborg Rovers to gongar i månaden. Dette liker bebuarane veldig godt.

Eidfjord bygdaheim inviterte alle eldre til den årvisse Eldredagen 1. oktober, ope hus med full servering. I år fekk dei fårrikål og dessert. Etterpå var det bingo, både for middagsgjestane og andre som ville freista lukka.



Solveig og Sjur Varberg og ergoterapeut Eva Meland

TEKST & FOTO : *Grethe Maurseth*

PRESENTASJON AV FLUNKANDE NYE KOMMUNESTYREPOLITIKARAR

- A** Kvifor engasjerer du deg i lokalpolitikken? **B** Kva for saker er viktigast for deg og korleis vil du nå dine politiske mål? **C** Korleis ser det ut i Eidfjord om 10 år?

Helene Bratland, *Eidfjord Arbeidarparti*



a) Eg er nyetablert, ung og småbarnsmor. Eg likar å engasjera meg, vera aktiv og delta der ting skjer. Eg har ofte ein ide og ei mening om korleis ting kan vera. Så då hjelper det ikkje å vera passiv, men heller trå til å sjå om ein kan vera med å gjera ein forskjell.

b) Skule og barnehage er viktige områder, sidan eg sjølv har born der. Eg håpar at ein opprettheld ordninga med varmt skulemåltid for borna. Elles meiner eg at borna kan få tilbod om gratis frukt. Viktig at skule og barnehage får ressursar til etterutdanning og vidareutdanning av personalet. Det er viktig at Eidfjord kommune stimulerer til vekst og næring. Me må få fleire folk til å busetja seg i Eidfjord kommune, og då er det viktig å ha gode ordningar innan bustadbygging og hjelp til nystarta verksemdar. Utbygginga i Sysendalen skapar arbeidsplassar. Me er ein turistkommune. Då er det viktig å ha tilbod til tilreisande og fastbuande. Eg vil jobba for eit levande sentrum med eit stor flott parkanlegg i sentrum. Og ikkje minst å få fortgang i bygging av sykkel og gangveg til Øvre Eidfjord (og heilt opp til Sysendalen). Viktig at aktivitetssenteret i Øvre Eidfjord og på Læg Reid får halda fram. Flott at me i Øvre Eidfjord har ein møteplass og tilbod om ulike aktivitetar for alle aldersgrupper. Eg vil jobba aktivt for at Hardangervidda-tunnelen vert bygd. Viktig at Rv 7 blir ein stamveg. Eg vil jobba aktivt og deltakande med Eidfjord Arbeidarparti sine representantar i kommunestyret.

c) Eg trur at Eidfjord framleis er ein levande, attraktiv og trygg kommune å bu i. Eg trur me har fått nye verksemdar som skapar arbeidsplassar, som gjer at folketalet aukar.

Eirin Sandstå, *Eidfjord Senterparti*



a) Kjekt å engasjera seg i kva som skjer i eiga bygd.

b) Som småbarnsforeldre er ein klart oppteke av saker som omhandlar barn og unge. Kommunesamanslåing vil òg vera ei viktig sak i denne perioden. Har ikkje dei store politiske måla, men det er sjølvsagt viktig å ta til seg den informasjonen og lærdomen ein kan og håpa på at ein kan bidra til at Eidfjord fortsatt vert ei god bygd å bu i.

c) Om 10 år får ein tru at Eidfjord er ei lika god bygd å bu i som i dag, og forhåpentlegvis med eit aukande folketal.

Timo Knoch, *Eidfjord Arbeidarparti*

a) Eg var aktiv i studietida i Tyskland men i byene eg bodde i seinare følttest politikken og politikarane - og dermed òg deltaking i politiske prosessar - veldig fjern. Lokalpolitikken på små plassar er mykje nærmare og eg føler at ein kan gjera ein forskjell ved å ta del. Dessutan var min aldersgruppe underproportional representert i kommunestyret og det er gledeleg at openbart fleire tenkte same tanken og stilte til val!

b) Klimaforandringane er vår tids største utfordring. Det er viktig å begrensa ressursforbruk, frå drivstoff via strøm til vanlege konsumvarer. For å begrensa konsekvensene må alle bidra, òg det kommunale. Kommunen har ein "Kommunedelplan for energi og klima 2011-2015; denne må evaluerast og fornyast.

Demokrati treng openheit og diskusjon. Eg vil gjera det lettare for innbyggjarane i Eidfjord til å fylgja dei politiske prosessane. Kommunestyret må vera eit forum der partia og representantar fremmer sine synspunkter openleg slik at velgarne kan forstå på hvilken bakgrunn saker vart vedtekte. Det å ta diskusjonar på gruppemøter og bak kulissane for så å møta berre til avsteming i kommunestyre, er ikkje godt nok. Det er veldig positivt at ein kan sjå kommunestyremøta på nettet, både live og som opptak og eg foreslår at òg formannskapsmøtene vart overført. Men det må lønna seg for innbyggjarane å sjå på dei!

Eidfjord som kraftkommune har lenge hatt god økonomi, noko som politikarane (og media) ikkje vart trøyte å påpeka og store utbyggingsprosjekt vitner om dette. Men denne situasjonen vil forandra seg i framtida. Då er det viktig at me byrja å innsjå verdien i å bruka små beløp på fleire mindre tiltak; desse kan etter mi meining ha større betydning for brede delar av lokalsamfunnet enn få, store prosjekt.

c) Ti år er ikkje lenge til. Eg håper at me har klart å skapa eit sentrum i Eidfjord som i langt mindre grad enn i dag er prega av biltrafikken og mykje betre tilrettelagt for mykje trafikantar. På denne tiden håper eg òg at innbyggjarar og politikarar står i ein konstant dialog og at dette førar til at Eidfjord ligg på topp i Hordaland når det gjeld valdeltakelsen. Om ti år har kommunen forhåpentlegvis fått ein grøn profil og satser på ein levande landbruk med aktiv drift på mange småbruk som leverandører av kortreiste råvarer.

Anne Lise Bleie, *Eidfjord Høgre*

a) Eg har alltid vore oppteken av politikk, og liker å engasjera meg lokalt. Eg liker òg nye utfordringar.

b) Næringsutvikling og heilårsarbeidsplasser er viktige saker for meg. For å oppnå desse må ein driva godt samarbeid med ulike aktørar i distriktet og regionen. Ha god kontakt og godt samarbeid med eksisterande bedrifter i Eidfjord. Vera opne for nye tankar og idéar.

c) Det er ikkje godt å seie. Det vil vel vara mykje som i dag. Området i sentrum er nok endra ein del. Tunnel under vidda som også vil prega næringane i Eidfjord.

Trude Brekke, *Eidfjord Arbeidarparti*

a) Eg engasjerer meg i politikken fordi eg ynskjer å vera med på å vidareutvikla Eidfjord til beste for innbyggjarar og næringsliv.

b) Næringsutvikling er eit viktig satsingsområde. Det er ikkje kommunen som skal skapa nye arbeidsplassar, men me må vera med å spela på lag med næringslivet og leggja til rette for at nye og etablerte bedrifter kan satsa på arbeidsplassar i Eidfjord. Eg meiner det vil vera positivt for bygda å få fleire innbyggjarar. Eg håpar den gode trenden med at mange unge flyttar tilbake vil halda fram, og me må også ta med oss erfaringar frå arbeidet med «Flytt til Hardanger» og byggja vidare på dette.

Me veit at det vil verta utfordringar knytt til saker om asylsøkjjarar og kommunestruktur, og i desse sakene vert det viktig at innbyggjarane og politikarane også ser moglegheiter. Me må tenkja på korleis me kan skapa naturlege møteplassar, stå samla, vera stolte av bygda og byggja vidare på kulturen og merkevarenamnet Hardanger.

Gode oppvekstvilkår for born og unge og ein god eldreomsorg er også viktige saker for meg. Her er me i ein god prosess, og det vert spanande å fylgja utviklinga vidare.

Eg veit at det er mykje å læra og setja seg inn i når ein er ny i kommunestyret. Likevel trur eg at det er mogleg å kunne påverka saker ved å setja seg godt inn i saker, delta i diskusjonar og få støtte frå andre politikarar, både frå eige og andre parti. I lokalpolitikken er det ekstra viktig å kunne snakka godt saman på tvers av partia og å vera i dialog med innbyggjarane. Det håpar eg me får til i denne perioden.

c) Det kan nok hende at økonomien til kommunen og nokre av dei økonomiske godene innbyggjarane har i dag er redusert, men det treng absolutt ikkje bety at livskvaliteten vert svekka. Eg er optimist på vegne av Eidfjord. Om ti år har bygda 1030 innbyggjarar, og me har fått fleire nye arbeidsplassar. Eidfjord Resort er ein realitet, og me har ei levande og positiv bygd, framleis med fotballcup, ekstreme løp og matkultur. Kanskje har me vorte ein liten storkommune; «Indre Hardanger», saman med Ulvik og Granvin. Hardangervidda-tunellen er bygd, og Rv 7 er stamveg mellom aust og vest.

Ole-Johnny Odland, *Eidfjord Senterparti*

a) Jeg engasjerer meg fordi jeg bryr meg om hvordan vi har det i Eidfjord og hvordan vi skal ha det i framtiden her. Det er spennende å ha fått lov til å være med å sette seg inn i sakene og ta avgjørelser som jeg kan stå inne for.

b) Alle saker er viktige, men jeg brenner som mange andre ekstra for å gjøre Eidfjord til et best mulig sted å vokse opp og leve i, både for de som bor her nå og for de som skal bo her i framtiden, det være seg eidfjordinger eller innflyttere.

c) Da håper jeg at vi bor i et levende lokalsamfunn som har gode tilbud til alle innbyggerne, forhåpentlig er det litt flere av oss her også da!

Anders Vatle. *Eidfjord Senterparti*



a) Eg fekk augo opp for kor stor påverknad ein faktisk har i kommunestyret hjå førre arbeidsgjevar, og fordi det er spanande!

b) Kvalitet i tenesteproduksjon og at ein legg til rette for næringsutvikling. Arbeid med planstrategi, økonomiplan/budsjett og tilhøyrande årsplanar frå dei ulike tenesteområda er viktig å engasjera seg i. Oppfølging under vegs i budsjettåret med tanke på måloppnåing i årsplanane er viktig for å følgje opp vedtak.

c) Eg trur ikkje me ser dei dramatiske endringane i forhold til korleis det ser ut i dag. Det eg håpar me ser er eit sentrum i Eidfjord og nærområde som er vidareutvikla med tanke på reiseliv og anna næringsliv, og at gang- og sykkelvegen er samanhengande mellom øvre og nedre Eidfjord. I Sysendalen håpar eg det framleis er stor aktivitet med tanke på fritidsbustader og turisme. Innan tenesteproduksjonen har me framleis gode eller endå betre tenester på Læg Reid knytt til oppvekst og eldreomsorg.



Hardanger Ungdomsting

Måndag 12. oktober var det Hardanger Ungdomsting i Eidfjord. Her var over 30 ungdommar frå dei ulike ungdomsråda i Hardanger. Rådmann i Aud Opheim Lygre ønska oss velkomen, ny dagleg leiar i Hardangerrådet, Jostein Eitrheim

ønska alle velkomen på Ungdomsting og la vekt på kor viktig dette er. Ordførar i Granvin og Jondal gjorde opp status i kommunereformarbeidet. Hovudarbeidet denne dagen var det Inga Marie Skavhaug frå Distriktsenteret som stod for, og

etter ei kort innleiing var det tid for workshop og gruppearbeid.

Oppsummering av arbeidet denne dagen kan de lesa på:

www.hardangerradet.no

TEKST & FOTO: *Trude L. Rinaldo*

NYTT HARDANGERRÅD

2015-2019

Her er bilete av det nye Hardangerrådet, som vart konstituert 29.10.2015.

Det er to nye i rådet, frå Kvam Jostein Ljones (SP9) og frå Odda Roald Aga Haug (Ap).

Det var også val av ny rådsordførar, som no er Jon Larsgard frå Jondal kommune, ny rådsvaraordførar er Hans Petter Thorbjørnsen frå Ulvik herad.

TEKST & FOTO : *Trude L. Rinaldo*



NY VEGTRASSÉ

I SYSENDALEN

Vinteren er i ferd med å innhenta entreprenøren, noko som vil føra til stopp i framdrifta fram til våren. I samband med VA-grøft på Garen har Eidfjord kommune sprengt ut ny vegtrassé for Statens vegvesen i samsvar med reguleringsplanen.

TEKST & FOTO : *Kjell Arild Kvale*



BÅLHUS

I ØVRE EIDFJORD

Øvre Eidfjord Grendalag har fått tildelt 40.000 kr til å setja opp eit bålhus (slik som på biletet) av Sparebankstiftinga Hardanger. Bålhuset blir ståande på leikeplassen i Lund/ Hagaskarvet.

Me ynskjer alle velkomne til å ta i bruk bålhuset når det er ferdig. Men hugs å ta godt vare på det !

TEKST & FOTO : *Øvre Eidfjord Grendalag*



MATEMATIKK- PROSJEKT

2.KLASSE

2. klasse har i oktober jobba med praktisk matematikk. Dei fekk utdelt ei problemstilling som dei skulle løyse; «Isslottet til Anna og Elsa i Frost har smelta, så de må byggja nye slott».

Elevane jobba i grupper og måtte diskutera seg fram til korleis slottet skulle sjå ut. Dei måtte teikna modell av slottet fyrst og dei brukte linjal og centikubar til å måla med. Slotta skulle byggast med sukkerbitar og limast saman med melisglasur. Dei starta med grunnmuren og brukte matematiske ord som hjørne, kvadrat og rektangel under arbeidet. Elevane var engasjerte og ivrige i byggjinga og dei jobba veldig bra. No har Anna og Elsa flytta inn i slotta og dei skal stillast ut på Destinasjon Eidfjord i desember.

TEKST & FOTO : *Hilde Voll*



KARRIEREDAGEN


2015 | GRIEGHALLEN

Karrieredagen 2015 i Grieghallen Dette er eit arrangement som vert arrangert kvart år av Springbrettet, ein studentorganisasjon i Bergen. Det var 90 utstillarar og over 4000 studentar.

Hardanger er med for 2. gong og saman presenterte me arbeidsmarknaden og moglegheiter her hjå oss. I tillegg til kommunane var Eidfjord Resort med som bedrift, og Trainee Indre Hordaland stilte med to traineear. I tillegg til å fortelja om arbeid, presenterer me den rikholdige kulturen og livet i fjorden. Dei nyplukka eplene frå Hardanger, presentert med innleving, fekk overraskande respons om dei verkeleg var ekte...

TEKST & FOTO : *Trude L. Rinaldo*





Nytt frå Destinasjon Eidfjord

OPPSUMMERING AV SOMMARSESONGEN 2015

Det er tilsynelatande rolege dagar på turistkontoret vårt på kaia. Kva gjer me vel på turistkontoret no om vinteren, når det sjeldan ein gong kjem innom ein turist og to?

Elin har gått ned til "vinterstilling", dvs ho jobbar no 50% fram til mai. Ho gjer ein stor jobb med å svara på alle meldingar på telefon og e-post i tillegg til at ho handterer alle gruppeførespurnader og bestillingar som kjem inn no framover. Elles jobbar me på denne tida med oppdatering av informasjon – i brosjyrer og på nett, slik at bilete og informasjonen om Eidfjord kjem vidare ut i verda. Dette går ofte via Reisemål Hardanger Fjord, Fjord-Norge og Innovasjon Norge, men også direkte til

turoperatørar og til cruiserederi via Cruise Destination Hardangerfjord. Og sjølvsgt direkte til folk som planlegg å koma hit.



Heidi har ein stor jobb med nettsida til Destinasjon Eidfjord som skal leggst over på ny plattform, slik Reisemål Hardangerfjord og Fjord Norge gjer. Elles har ho overteke ein del administrative oppgåver for XtremEidfjord med arrangementa Expedition Amundsen i februar og Hardangervidda Marathon i september, der løpsleiarane som har hovudansvaret gjer ein kjempejobb, men treng litt assistanse i administrasjonen.

Det har ikkje vore like roleg heile året...



I fjor monterte me kundeteljar i døra til turistkontoret. Det er artig å sjå kor mange som kjem innom i løpet av nokre månader. Her er resultatet: Totalt var det 97.283 gjestar som gjekk inn døra til turistkontoret i perioden april – september 2015!

Sjølvsgt er cruisegjestar ein stor del av desse, det viser også salet av billetter og aktivitetar på turistkontoret i sommar. I perioden 01.05. – 30.09. hadde me ein omsetnad

TEKST: *Marit Stadheim*


Sommaren juni – aug 2008 – 2015 Hotell overnatting i Eidfjord**Sommaren juni – aug 2008 – 2015 Campingplasser og hyttegrender overnatting i Eidfjord**

(Statistikken vart lagt om frå 01.01.2013 – feilkjelder ved samanlikning med tidlegare år)



på turistkontoret på 2,26 mill + MVA berre i billetter og aktivitetar. Og då var det ein tydeleg nedgang på 19,6% i forhold til i fjor. Tal cruisepassasjerar gjekk ned frå 94.040 i fjor til 57.593 i år. Me ser kor viktig cruise er for oss og Eidfjord. Neste år må me leva med ein cruisesesong som liknar på 2015, men så ser 2017 veldig bra ut igjen!

Når det gjeld overnatningsstatistikken i Eidfjord, så finn ein representative tal på www.statistikknett.no, bl.a. dette: I sommarmånadane juni, juli og august var det ein auke på 9,6% samla sett, i forhold til i fjor.



Året SOM GJEKK 2015



1 Sondre Myrvang med full klaff under hjortejakta i lia mellom Erdal og Brimnes.

FOTO : *Endre Lægroid*

2 Turistskipa sette sitt preg på sommaren.

FOTO : *Gunnhild Sandvin*

3 Evjo aktivitetssenter vart opna av the grand old man Svein Seim.

FOTO : *Bjørne Møen*

4 Endeleg varm mat for borna i skule og barnehage.

FOTO : *Bjørne Møen*

Året SOM GJEKK 2015



5 Anette Børve Hernes, saman med leiarhunden Nikita, gjekk til topps i junior verdsmeisterskapen i hundekøyring.

FOTO: *Torunn Akersveen Lied*

6 Matkulturfestivalen hadde mykje å by på. Her er det partering av lam ved Hanne Frostad og Bjarte Finne.

FOTO: *Agurtxane Concellon*

7 Ordførar Anved Johan Tveit i spissen for eit flott 17.mai-tog.

FOTO: *Gunnvor Hopen Veka*

8 Audun Riber med fantastisk sjøaure på 7,4 kg. Lurt av ei giftig tubefloge i Eio.

FOTO: *Øyvind Sandstå*



LITT FRÅ **Modnen barnehage**

I fjor var satsingsområdet til Modnen barnehage fagområdet kunst, kultur og kreativitet. Me hadde ulike tema kvar månad som var knytt opp mot fagområdet. Mellom anna hadde me eit kunstprosjekt med tema Nils Bergslien der me lærte litt om han, me besøkte galleriet, var i Bergsliskårane, og me laga eigne Nils Bergslien kunstverk. I fylgje rammeplanen skal barnehagen gje born høve til å oppleva kunst og kultur og til å sjølve uttrykkja seg estetisk. Gjennom rike erfaringar med kunst, kultur og estetikk får barn høve til sansing, oppleving, ekspriment-

ing, skapande verksemd, tenking og kommunikasjon. Dette barnehageåret er satsingsområdet vårt kropp, helse og rørsle. Gjennom arbeidet med dette fagområdet skal barnehagen bidra til at borna mellom anna skaffar seg gode erfaringar med varierte og allsidige rørsler og utfordringar, og dei skal få gode erfaringar med friluftsliv og uteliv til ulike årstider.

I november månad hadde me tema; Eventyr, lokale historier og segn. På avdeling blåbær valde me å jobba litt ekstra med historia om Rika Ragna. Me formidla historia

på ein enkel måte gjennom bruk av konkretar. Fyrst formidla dei vaksne dette, og etterkvart som borna fekk kjennskap til historia såg me at dei tok i bruk konkretane sjølve, og drog historia med seg i leiken. Me var og i gamlekyrkja for å sjå på gravsteinen til Rika Ragna. Til våren vert det ein tur til Simadal for å sjå kor heimstaden hennar er.

På bjørnebæravdelinga har me arbeidd med det lokale segnet om Tussafoten. Borna har høyrte fleire variantar og fortel sjølve ei syntese av desse. Ein turdag var me til Øvre Eidfjord og leita etter dei ulike



kroppsdelane til tussen. Me såg fyrst tussafoten, så gjekk me over vomba hans og bort til hjartet på Varbergshaugen. Derifrå kunne me skimta hovudet i Brot. På avdelinga har me laga ei trollhole. Denne har borna leika i og ho har vore utgangspunktet for dramatisering av eventyr. Borna har og mala troll og forma troll i trolldeig. Dans til Dovregubbens hall er og ein del av dette temaet, og mykje trolling og trollsang har det vorte.

Me har eit fantastisk nærrområde og rike mogelegheiter for å arbeida med satsingsområdet vårt. Me er


mykje ute i skogen og leikar og her arbeider me praktisk med tema og lærestoff. I haust var personalet på kurs i Ulvik om sansemotorisk utvikling. Ein inspirerende kursdag som også gav oss meir fokus på korleis satsingsområdet også kan arbeidast med innandørs. Her balanserer borna frå «øy» til «øy», og kvar av dei kjennest heilt ulike.

TEKST & FOTO : *Grete Næss, Anett Viveli og Ann Kristin S. Wathne*




Informasjon frå Eidfjord fjellstyre

GARNFISKET




Statistikken for samla fangst og fangsttinningsats viser at fangsttinningsatsen var nær den same som i 2014. Likevel er fangstane gått ned med over 1300kg. For dei viktigaste vatna har dette slått litt ulikt ut.

Nordmannslågen




Det har vore ein nedgang i fangsttinningsats og avkastning, men statistikken viser ingen negativ utvikling i Nordmannslågen.

Lakjen




Også Lakjen hadde eit svakt år i avkastning i forhold til året før, dette til tross for auka innsats. Likevel ligg avkastninga stabilt i forhold til åra 2011-2013.

Årets garnfiskesesong vart prega av den seine våren og kalde sumaren. Mange høgareliggjande vatn var ikkje isfrie til opninga for garnfiske. Det er i første del av sesongen det meste av temperaturauken skjer. Da er solinnstrålinga stor og påverkar både luft og vatntemperatur, mens utover hausten blir nok utstrålinga av størst betydning. Her er døme på temperaturforskjellen mellom eit varmt og eit kaldt år for Drageidfjorden. På det meste var forskjellen 4°C.



Tinnhølen



Avkastninga frå Tinnhølen har minka til tross for at fangsttinningsatsen har gått opp. Prøvefisket i Tinnhølen i 2014 viste følgjande lengdefordeling;




Det svingar av fisket i statsallmenningen. Foto: Gunnhild Sandvin

TEKST & FOTO: Gunnar Elnan



Til dei evige beitemarker på Dimmedalshæ ein septemberdag. Foto : Endre Læg Reid



Tabellen viser prosentvis fordeling av fangsten på 3cm lengdegrupper. Situasjonen i 2014 viser bra med småfisk i lengdegruppene mellom 16 og 31cm. Sidan 2010 har det årleg vore sett ut over 2000 einsomrige setjefisk og eit varierende tal villfisk fanga i Svinto. All setjefisken er feitfinnekleipt. Det er ønskeleg å få rapportar på kor mange feitfinnekleipte fiskar som vert fanga. Resultat frå prøvefiske gjev håp om at fangstane vil ta seg opp i løpet av eit par år.

Reinsjakta

Her refererast hovudtala frå årets jakt på statsallmenningane:

Det vart totalt felt 1676 dyr av ein kvote på 8020, noko som gjev ein fellingsprosent på 20,9.

Det er gjennomgåande felt fleire dyr sør og aust enn nord og vest på vidda. Resultata fordeler seg slik for dei ulike statsallmenningane:

Ullensvang: 23,2 %, Øvre Numedal: 24,9%, Eidfjord: 15,9%, Odda: 23,6%, Røldal: 16,7%, Rauland: 53,7% og Ulvik: 7,4%.

Når det gjeld Eidfjord sin fellingsprosent er denne rekna av tildelt kvote. Fjellstyret ynskjer å visa ein forsvarleg forvaltning og ikkje sleppa til for mange jegerar på statsallmenninga. Dette resulterte i at fjellstyret satt at med 110 løyve som ikkje vart selt. Legg me selte kort til grunn, hadde fellingsprosenten vore 20,4%. Med dagens kommunikasjonsmidlar og allmenninga si plassering som gjer tilkomst enkel, er det ei utfordring å handtera store kvotar.

Rypejakta

Årets vår og forsumar var ein katastrofe for rypeproduksjonen. Lemenbestanden kollapsa på førsumaren så rovviltet gjorde stort innhogg i rypebestanden, og sein vår og kald førsumar gav lite insekt for nyklekte kyllingar. Takseringa gav eit eintydig svar for fjellstyret, 1,8 kylling pr. vaksen høne, det vart ikkje rypejakt!



Ser lys i enden av tunnel

På Høgfjellskonferansen overrakte Statens vegvesen konseptvalgutredningen for Rv.7 over Hardangervidda til samferdselsminister Ketil Solvik-Olsen. – Vi er glade for at også Statens vegvesen nå ser at vi trenger tunnel under Vidda selv om vi nok ikke er helt enige om lengden og innretningen på tunnelloesningene, sier styreleder i Hardangervidda-tunnelene AS, Tony Kjøl.

Foran nesten 200 konferansedeltakere på Statens vegvesens «Høgfjellskonferanse 2015» ble den såkalte konseptvalgutredningen (KvU) for Rv.7 Hardangervidda formelt overlevert til samferdselsministeren. I utredningen anbefales det at man går inn for alternativet «K2 Dyranut-tunnel» hvor det realiseres en tunnel på 6,25 km på en av de mest værutsatte strekningene over

Hardangervidda. Statens vegvesen mener dette kan være starten på en trinnvis utbygging av inntil 5 tunneler langs Rv.7 mellom Krossdalen og Haugastøl. Løsningen vil etter deres mening gi høy måloppnåelse til en forsvarlig kostnad.

– Vi er glade for at Statens vegvesen har lagt ballen død med tanke på en permanent eller delvis stenging av Rv.7 over Hardangervidda, sier styreleder i Hardangerviddatunnelene AS, Tony Kjøl. Han mener at Statens vegvesen delvis positivt har lyttet til de mange innspillene som er gitt dem om regionale effekter, reiselivsinteresser og villreinens behov for en nedbygging av barrieren veien utgjør. – De har lyttet og tatt med seg mye av det vi har sagt, men fremdeles føler vi at vektingen av disse er for svak og at konklus-

jonene i øst-vestutredningen får kaste for lange skygger inn i det som ellers er et godt grunnlag for vedtak om tunnelloesninger under vidda, forklarer Kjøl.

Utredningen skal nå ut på en høringsrunde blant berørte fylkeskommuner og kommuner før statsråden trekker en konklusjon om veien videre. Parallelt med høringsrunden skal det foretas en såkalt KS1-vurdering hvor eksterne konsulenter gjennomgår Statens vegvesen sine anbefalinger og beregninger for å kvalitetssikre innholdet før videre politiske behandling er aktuelt. – Vegvesenet har lagt frem knakende gode argumenter for en kort tunnel på vidda. De argumentene blir bare enda bedre for alternativet lengre tunnel, sier en optimistisk Kjøl.»

TEKST OG FOTO: *Harald Victor Hove*



På veg til Hjellerud.

KVISTEN TURLAG – EIDFJORD

Våren 2015 starta me opp turlag for ungane i Eidfjord; Kvisten Turlag Eidfjord.

Namnet kjem av at me for kvar ny tur får eit band i kvisten som me har laga oss.

Fyrste turen i vår gjekk til Varbergshaugen i flott vårver, så har me vore på tur til Hjellerud og til Brakjen i Erdal i regnver. Ii November hadde me hovudlykttur til Lund i Øvre Eidfjord med koseleg bålkos og niste. Me har vore 20 stk på tur og me har vore over 40 stk på tur. Det er berre kjekt om besteforeldre vil vera med oss.

Me har som mål å ha minst ein tur i månaden, gjerne ein ettermiddagstur/kveldsmattur – men gjerne óg ein litt lengre søndagstur.

Det er kjekt å koma seg ut på tur ilag.

Følg oss på facebook sida; Kvisten Turlag – Eidfjord. Der legg me ut neste turdag og mål for turen. Hhar du tips til kor me kan gå på tur, eller vil du ha besøk av oss? Ta gjerne kontakt med oss på facebook.

Bli med på tur!!!

TEKST OG FOTO: Åshild Djøanne



FOTO: René Rovers



Ein gong såg det slik ut.

Eidfjord HISTORIELAG

Eidfjord historielag hadde fylgjande arrangement 12.okt. med føredrag av Per Bremnes i mosstova på Vik. Denne omhandla vegen biskopane drog over vidda. Han har gjort fleire interessante funn av ulike vardar som t.d han kalla Hammers varde ved Dyranut, i tillegg til Biskopsvarden lenger inne forbi Tråastølen. Han kunne også fortelja at “Varberg” namnet eksisterer kun to stader i landet. I Øvre Eidfjord og ein stad i Østfold. Namnet “Var-” kjem av ordet “varde” tyder varde. Per Bremnes er svært oppteken av at me ser verdien av dei og at desse vert tekne vare på for ettertida. Det var ca. 30 personar tilstades og det vart avslutta med kaker og kaffi.

I november vart det arrangert bildevisning saman med Evjo aktivitetsslag. Dette vert fast innslag framover med tema “kjenn di grend”. Denne dagen viste me gamle svart kvitt bilder frå Vik-Lægreid på 1790 til 1900 talet. Også her var det nesten 30 personar. Neste i serien vert 8.februar og 11.april, då med bilder frå Øvre Eidfjord og Simadal. Siste arrangement i år vert 15års- jubileum for historielaget på mosstova i Vik tysdag 8. des.kl. 19. Filmvisning; “Minneløp for åpning av veien over Hardangerviddan”. Middag og kaffi. Påmelding til leiar.

11.jan.2016 kl.19 i Evjo aktivitetssenter på Lægreid viser historielaget film, frå Finse til Røldal. Alle er hjarteleg velkomne entan du er medlem eller ikkje.

Helsing leiar for Eidfjord historielag
Gunn Marit Lægreid



TIME

AV SONDRÉ LÆGREID

10. KLASSE

Time, time is overrated. People think they have all the time in the world, well they don't. Time is unpredictable. At times, time age like a rock, it is slow, it covers itself up with dirt and moss until It is totally buried under ground.

On the other hand, sometimes you can't really get enough, sometimes you feel like a mouse running from a cat, you need to work all your muscles to get whatever you are doing done.

How often do you have good time, really good time? Well, I never seem to have enough time. There is always a paper to write or a test to study too, always a bus or a train to catch. But most of all I wish I had time to live out my dreams.

I can feel a pain in my stomach, like if someone just stabbed me with a knife when I listen to the screams in the distance, hearing the hope being drained from peoples` body. They are in the same situation as me, they didn't have enough time, they didn't make it to the boats.

The boats that were sent to rescue us. So we are stuck here, left to die on an island with no exits. Many are like me, they have accepted the fact that they are going to die. We spent our last minutes to think and wonder about our future and past. In the middle of all the panic and action, there is one thing that keeps popping into my head. I wish I had spent my little time different, with my family and friends, living life to its fullest.

I can see the red, glowing lava, running down the mountain. It fills me up with terror and pain. Behind it, a black smoke with a terrifying sound and speed destroying everything in its path.

My body feels like iron, I can't move a muscle. I can feel the warmth from the red fluid while it`s making its way down the volcano, it feels like sitting next to a wildfire a late winter evening. I remember reading about volcanoes, it's not the lava that kills people, it is the

smoke. It burns your body alive, like acid on flesh.

The thought makes me shiver, I can see the smoke getting closer. It is black, but you can see a red flame inside it. It was 2 pm last time I checked, but the aches have covered the sky with darkness.

Hell, hell is the best way to describe it. I'm perspiring, but not because of the warmth from the volcano, it's my body reacting to the stress in my brain. I keep telling myself it will be quick, but somehow I can't really convince myself.

Suddenly I can feel the weather becoming a lot warmer, it feels like going into a hot shower, and between the pain and horror, I can see my hands vanish into darkness. Even though it feels like someone is ripping the skin of my body, I can sense an anger inside me, if only I had more time.

The end!

TEKST FRÅ SKRIVEKURS

Eg hugsar fyrste gongen eg såg deg
Eg hugsar gleda då vi såg kvarandre
att

Eg hugsar eg kjøpte konjakk-
sjokolade til farsdagen Eg hugsar
første turen vår på Hardangervid-
da Eg hugsar lukta av bestemor
Eg hugsar eg var redd båten skulle
kvelve Eg hugsar følelsen av frykt
fyrste gong eg fauk Eg hugsar kjen-
sla av uendeleg takksemd då du var
fødd Eg hugsar sorgen då vi mista
bestefar Eg hugsar.....
Eg hugsar.....

Helsing Nina H



Nytt frå BIBLIOTEKET

I førre jolenummer av Eidfjordnytt skriev eg om den nye folkebiblioteklova og utfordringar for folkebiblioteka i Noreg. I år har Nasjonalbiblioteket som ansvarleg institusjon for bibliotekutvikling utarbeidd ein Nasjonal bibliotekstrategi 2015-2018 der direktøren til Nasjonalbiblioteket, Aslak Sira Myhre påpeker det fylgjande:

«Framtidas bibliotek er en møteplass. En kulturinstitusjon som lager arrangement for publikum, en debattarena som utvikler og utvider demokratiet og en læringsarena som sprer og deler kunnskap. Det er et sted hvor folk både kan være forpliktende publikummere og aktive deltagere.» Nasjonalbiblioteket har i haust utlyst midlar til arenautvikling for å auka tal arrangement i norske folkebibliotek. Eidfjord folkebibliotek vil vera eit moderne bibliotek og har difor allereie gjennom heile året satsa på fleire kulturelle arrangement for ulike brukargrupper, både eksisterande og nye. Biblioteket arrangerte m.a. teaterframsyninga Lykkeliten i kinosalen, sykkelmekkekurs i idrettshallen i samarbeid med Endeve Sport Voss, foredrag av Samuel Massie i Sjøbua og lunsjkonserter med Lars Martin

Myhre i samarbeid med Eidfjord Fjell&Fjord Hotel. Dessutan er det regelmessige, eigenproduserte tilbod som kinotek for born, norwegian shortfilms for cruiseturistar og fjellbibliotek i varmastova på Maurset i vinter- og påskeferien. Utviklinga av rolla som arena for offentleg samtale og debatt skal starta i 2016. Biblioteket har søkt midlar for å finansiera eit kurs i debatt for ungdom og vaksne til våren. Korleis synst du at biblioteket kan bidra til lokale debattar? Kom med idéar og innspel!

Den nordiske bibliotekveka er eit årleg arrangement som skal løfta fram høgtlesing, nordisk forteljartradisjon og litteratur. Årets tema var Venskap. Årets bibliotekveke i Eidfjord var fullspikka med aktivitetar. Eg besøkte både Hereid og Modnen barnehage og hadde høgtlesing i morgongry med bøker om tema Venskap. Dei minste høyrde om Storemonster og Veslemonster som var redde i mørket men saman overvant frykta. Borna på Modnen barnehagen fekk høyra historia om Boba, Lille Fetir Lutemann, bakeren og dottera hans, Muriell i boka Når alle sover. Ei forteljing om medynk og ein uvanleg venskap mellom

ei lite jenta og ein 32 m høg pelskledd vandal. Bikliotekveka opna samtidig som Lesefrøveka i barnehagen. Det er eit tiltak i samband med prosjektet Nynorske Lesefrø. Foreldre kan låna med seg ei bok frå Lesefrøbiblioteket når dei hentar born om ettermiddagen, les den om kvelden og leverer boka inn att neste morgon.

Skulen fekk besøk av forfatteren Gaute Heivoll som las frå sin aktuelle bok Det svarte pianoet. Det vart ein stemningsfull morgon i samfunnshuset, der kulturskulelærar Detelina Deneva supplerte høgtlesinga med eit stykke av Frédéric Chopin. Borna såg ut å vera fascinert av møtet med ein forfattar og dei fekk òg veta ein løyndom: det faktisk var fyrste gong at Gaute Heivoll las boka etter at han var ferdig med skrivinga!

For lokale forfattarspirar vart det arrangert skrivekurs med ein av dei fremste unge norske forfattarane, Erlend O. Nødtvedt. Det var bra oppmøte og deltakarane kunne fortelja om gode metodar som får satt i gong skrivinga. Det vart skriven ein del fine tekstar den kvelden og nokon imponerte ikkje berre dei andre, men òg seg sjølv!

TEKST : *Timo Knock*

Opningstida

Måndag 12-16
Onsdag 17-19
Fredag 10-14

Tel. 53673538

biblioteket@eidfjord.kommune.no

SFO

JOLESTEMNING



Når desember nærmar seg, byrjer hjarta våre å slå litt fortare. Alle gler seg til den koselege tida som kjem. Allereie i november tek me til med å laga fine joleoverraskingar, for me vil vera trygge på at alle våre 30 barn i SFO får laga sitt. Jolestemninga kjem verkeleg i gang med adventsfrukosten, der mor, far og sysken kan kosa seg i lag med god mat. Det er mange som hjelper til med førebuingane: Me lagar salatar, me skjer opp maten og pyntar lokala til SFO. I byrjinga av desember vert det overnatting i SFO for dei eldste barna. Då kan dei sjå fram til ei spanande joleoppleving og etterpå sjå på film i lag. Dette er stor stas!

Gjennom heile månaden tenner me ljøs, høyrer på jolemusikk, les joleforteljingar, bakar og lagar fine teikningar eller anna pynt. Saman med alle dei andre aktivitetane som barna har i klassen eller med heile skulen, vert adventstida veldig spesiell for både store og små!

God Jol!

TEKST OG FOTO : *Wilma Bergman*





Toneskredo 25 ÅR

Toneskredo er eit blandakor frå Eidfjord med om lag 25 medlemar som vart starta i 1990. Det er eit kor med variert program. I tillegg til egne prosjekt, har koret hatt fleire prosjekt saman med profesjonelle aktørar, og nokre prosjekt saman med Chorus-80 frå Ullensvang. Toneskredo har 25-års jubileum i 2015. Etter opptakten til jubileumsåret med ein vellukka sviskebasar i januar, Norges Korforbund Hordaland sitt kortreff i april og stor jubileumskonsert i oktober, ser me no fram til julekonsert saman med Hardangerbrua Musikklag 16. desember kl 20 i Eidfjord kyrkje. Jubileumskonserten vart ei kjekk oppleving for tilhøyrarar i alle aldrar! Me hadde med oss Chorus-80, Vetlaskredo, Harmoni, Edyta Bryk på fele og musikarane Erlend Styve, Jan Eirik Gullbrå og Bjørne Møen. 3 dirigentar var med

og øvde inn repertoaret til Toneskredo i anledning jubileumskonserten: Detelina Deneva (Lynna), Vibeke Johnsen og Bjørn Tore Sæle. I tillegg var Elise Sæle dirigent for Vetlaskredo og Magnus Opedal dirigent for Chorus-80. Reidar Gjøtterud geleida oss gjennom konsertprogrammet på ein god og erfaren måte.

16. desember inviterer Toneskredo igjen til stemningsfull julekonsert i Eidfjord kyrkje. Toneskredo har sett opp eit nydeleg program denne førjulskvelden. I ei kyrkje pynta med masse levande ljøs vil dei gje publikum den rette jolestemminga. Hardangerbrua Musikklag er med og lyftar konserten vår i år som i fjor. Dette musikklaget vart formelt stifta i januar 2014, etter at om lag 18 korpsmusikantar frå Eidfjord og Ullensvang hadde slege seg saman og danna eit korps. Fløytisten

Silje Hveem dirigerer musikklaget. Hardangerbrua Musikklag øver kvar måndag kl. 19:30 – 21:30 i grendehuset på Bu.

Toneskredo vil fortsetja å vera ei kulturell kraft i bygda i mange år framover, og er avhengig av at nye og tidlegare medlemar vert med. Ein treng ikkje vera over gjennomsnittet musikalsk for å vera med i Toneskredo. Mest av alt tel gleda over å syngja i lag med andre. Toneskredo øver kvar onsdag i Eidfjord kyrkje. Me har fokus på at det skal vere kjekt og sosialt på øvingane våre, og at me skal gleda publikum med songen vår. Ta kontakt med Marit Stadheim tel 47250120, så får du vite meir. Me ynskjer nye og gamle korentusiastar hjarteleg velkomne til å vera med i Toneskredo!

TEKST : Marit Stadheim
FOTO: Margunn Gullbrå Fjetland



Ny Modnen barnehage tek form. Foto: Arne Bu.

Arne Bu med minstegullet. Foto: Hilde Anette Bu.

Arne Bu (37)

Han har vore både lenge og langt borte, men han kom heimatt til slutt, Arne óg. Han har eigentleg aldri flytta frå Eidfjord, berre reist ut for ein periode. Etter tømrrarutdanning på Voss, var han lærling og jobba i Granvin før han reiste til USA. Arne har slekt i Los Angeles (4 søskenbarn ulike plassar i USA) og det var eit eventyr å farta rundt i landet «over dammen». Han hadde ulike jobbar og besøkte 31 statar i løpet av 13 månader. Etter det fekk han jobb i Granvin hjå Halldor & Johs. Hamre AS 1996 – 2013. I denne perioden stifta han også familie. Han traff Hilde i 2005. Dei gifta seg i 2011 og har 3 born saman, Eivind (7), Torgeir (5)

og Solveig (1,5). I 2013 vart det ledig jobb ved KTD i heimbygda Eidfjord, og då var det sjølv sagt ikkje noko å spekulera på. Arne fekk jobben, og for tida arbeider han som byggleiar for Modnen barnehage. Her er det mykje som skjer og mange ulike yrkesgrupper som er involvert. Arne passar på at alt går etter planen. Arne driv også med vidareutdanning til ingeniør og skal etter alle solemerke vera ferdig til neste sommar. Arne er ein aktiv mann på fleire område. Han er kommunestyrepolitikar inne i sin 2. periode for Senterpartiet. Det tek mykje tid når ein skal setja seg godt inn i ulike og

viktige saker for bygda. Han er også 2% brannmann, og sjølv om stillingsstorleiken ikkje høyrast spesielt krevjande ut, er det tøffe tak når det først skjer. Eidfjord driv seriøs utdanning av brannmenn og du skal vera både i fysisk og psykisk form for å kunne gjera ein god jobb. Arne og familien hans bur i gamlehuset på heimgarden. Det er frå 1878 og byr på sjarm og særegne kvalitetar. Arne har gjort mykje for å heva standarden slik me gjerne forventar i våre dagar, men dette har han teke litt etter kvart, utan å stressa. Både han og resten av familien trivst veldig godt i Eidfjord.

TEKST : Glenn Wiik



Staben hyggjer seg på jolebord.

Ny hotelldirektør

Eidfjordnytt ynskjer alltid å omtala nyhende innan næringslivet i kommunen. I denne utgåva har me hatt ein liten prat med den nye direktøren ved Quality Hotel & Resort Vøringfoss.

Tor André Villmones byrja som direktør ved hotellet 1. juni 2015. Han er den sjuande i rekkja av direktørar sidan opninga av hotellet i 2001.

Bakgrunn

Tor André er fødd og oppvaksen i Eidfjord og 36 år gamal med sambuar. Han har eksamen frå Voss vidaregåande skule samt 1 års studium frå Handelshøgskulen BI. Han har hatt arbeid i 7 år med sal- og marknadsføring i ulike verksemdar. Tor André byrja alt 1. februar 2012 som salssjef ved hotellet. Det var heller under tilfellelege omstende at han vart salssjef. Rett etter eit jobbintervju til ei anna utlyst stilling, vart han oppringt og fekk tilbod om denne salssjefstillinga. På fagspråket vert dette kalla «head-hunting». 31/2 seinare vart han tilsett som direktør her. Han såg tilbodet som ei tillitserklæring og vart svært glad for å halda fram i arbeidet ved hotellet med nye utfordringar i heimbygda.

Arbeidet

Me spør Tor André om tida hans ved hotellet og kva han prioriterer / set mest pris på i arbeidet som direktør. Han rosar først og fremst dei tilsette som han meiner skapar eit godt miljø samt at dei er svært arbeid-

same- og fleksible i kvardagen. Tor André gjev uttrykk for at han alltid har vore glad i sal- og marknadsføring. Han er glad og stolt over å kunna marknadsføra / profilera både hotellet og heile reiselivsdestinasjonen i Eidfjord. Han fortel vidare at dei han er i møte med gjev inntrykk av at Tor André er glad i arbeidet sitt. «Dette inspirerar meg sjølvsagt», seier han.

Eigartilhøve / tilsette

Me spør om eigartilhøve ved hotellet. Her kan Tor André fortelja at Lion Hotel Management as har driftsansvaret og at Erik Lauenborg eig alle aksjane her. Han fortel vidare at Quality Hotel Vøringfoss leiger bygget hjå eigedomsselskapet Vøringfoss Hotel & Eigedom ved Per Ove Pedersen.

Me spør så om arbeidskvardagen og om dei tilsette ved hotellet. Tor André fortel at her har vore 36 tilsette / 26 årsverk i sesongen. Av desse er 6 fast tilsette på årsbasis. Hotellet har hatt to år med heilårsoppe. Dette synst sjølsagt Tor André er svært positivt. Han satsar stort på at dette må halda fram. «Her er, imidlertid, knytt store utfordringar til eit heilårsoppe hotell i distriktet», seier han.

Han kan fortelja at her er ein internasjonal stab med arbeidstakarar frå Polen, Sverige, Litauen, Italia, Spania og Latvia. Nokre av desse kjem attende år etter

år. Han fortel vidare at hotellet har vore utan salssjef ei tid. Han arbeider, imidlertid, med å tilsetja ny salssjef. Tor André har sjølv ansvaret for salsarbeidet fram til ny tilsetjing finn stad. Han ønskjer gjerne at interesserte må ta kontakt.

Aktivitetar / samarbeid

Me spør no om kva aktivitetstilbod hotellet kan tilby. «Her er både seminar, konferansar, bursdagsfeiringar og bryllaup, «kick-off», jolabord og teambuilding», fortel han. Direktøren ønskjer heile tida å tenkja nytt / innovasjon.

Han er svært kunde- og samarbeidsorientert og satsar fylgjeleg på kundearrangement som t.d. visningsturar. «Dette er ein av mange måtar hotellet profilerer seg på», fortel Tor André. Hotellet har og arrangert «teambuilding» med opptil 150 deltakarar. Dette meiner Tor André gjev god utteljing både fagleg og sosialt. «Hotellet har motteke svært mange gode attendemeldingar på slike arrangement», fortel han. Vidare fortel han om ei «facebook-tevling» hotellet har gjennomført. Alle som var inne på facebook-sida til hotellet vart bedne om å seie si mening om eit innlegg her. 2826 personar engasjerte seg på denne interessante facebook-sida. I alt 158000 personar såg og las om dette innslaget. Hotellet gav først gratis opphald



til 3 uttrekte vinnarar og seinare til 11 vinnarar. Kvar av vinnarane fekk gratis opphald for 2 vaksne og 2 born. I tillegg vart verdien av opphalda donert til Unicef. Hotellet har og gjeve 15000 kroner til hjelp for flyktingar. Tor André meiner at dette er ein fin måte å profilera hotellet på. Han har fått mange gode attendemeldingar om ovannemnde tiltak.

Samarbeid

Me spør om hotellet samarbeider med andre aktørar i bygda. Tor André vil her særleg nemna eit idéugnadssamarbeid (workshop) hotellet har hatt med verksemda Flat Earth. Dette har ført til nye aktivitetstilbod for gjestane. Han fortel og om eit godt samarbeid med Destinasjon Eidfjord.

Tor André er også svært nøgd med god service i Eidfjord kommune.

Oppsummering

Me har møtt ein ung, reflektert direktør som synst å vera glad i arbeidet sitt. Han er personal- og marknadsorientert. Dette er viktige eigenskapar for ein direktør som ønskjer drifta Quality Hotel Vøringfoss på heilårsbasis. »Ein nøgd gjest som går ut døra er den beste marknadsføringa», seier Tor André bestemt.

Tor André er, imidlertid, bestemt på å møta dei utfordringar som vil

koma med store sesongvariasjonar for drifta, vinterstengjing av Hardangervidda m.m. Han saknar aktivitetstilbod i vinterhalvåret og ønskjer sjølvsagt at her vi verta heilårsope veg over vidda på sikt. Me spør om han er nøgd med sesongen og om korleis han vil arbeida m.o.p. dei utfordringar som vil koma. Tor André fortel at han er godt nøgd med sesongen og vil særleg her framheva dei tilsette og deira innsats og fleksibilitet på arbeidsplassen. Han er og glad for dei mange, gode attendemeldingar han har fått frå gjestar frå inn – og utland samt at hotellet no har hatt to år med heilårsdrift med unnatak av nokre veker i januar - februar. Tor André vil og takka eigaren av driftsselskapet, Erik Lauenborg, for tilliten.

Direktøren fortel at han i framhaldet særleg ønskjer å satsa på eit godt arbeidsmiljø, nytenkjing og kreativitet når det gjeld aktivitetstilbod. Han ser her store moglegheiter i samarbeid med andre reiselivsaktørar i Eidfjord.

Me takkar Tor André for samtalen og ønskjer han og staben lukka til med arbeidet ved Quality Hotel Vøringfoss.



FOTO: Brynjulf Mugaas

Tor André Villmones

- 36 år gamal
- sambuar.
- oppvaksten i Eidfjord
- eksamen frå Voss
- 1 års studium frå Handelshøgskulen BI
- 7 år med sal- og marknadsføring
- salssjef på hotellet siden 2012

Det noverande hotellet vart bygd i 2001, men her har det vore hotelltradisjonar sidan 1889. Det nye hotellet er tufta på same tradisjonar som det opprinnelege.

TEKST: Brynjulf Mugaas




XtremEidfjord

- SISTE NYTT

Uttaket til Expedition Amundsen 2016 er gjennomført og dei 200 heldige har fått tilbod om å delta. XtremEidfjord har løyve til å sleppa over 200 deltakarar. Over 350 menn og kvinner søkte om å få vera med på Expedition Amundsen 2016. Dei som får stilla til start har vore gjennom ei grundig vurdering. Då XtremEidfjord fekk ei gåve på kr 150 000 av Hardangerstiftinga og kr 50 000 av Sparebanken Vest, var det til eit prosjekt som mellom anna skulle medverka til at det vart fleire kvinner som stilte på startstrekken og at me fekk fleire regionale deltakarar. Me er svært stolte over å kunna melda at i 2016 er 25 % av dei som stiller på startstrekken på Haukelisetter 25.2. 2016 kvinner. Frå Hardanger og Voss stiller det totalt

16 deltakarar i lag og 2 individuelle deltakarar. Frå resten av Hordaland 27 i lag og 7 individuelle. Dette utgjør meir enn 25 % av dei startande. Eidfjord har deltakarar med i lag og me har individuell startande. Det er og eit mål i prosjektet å byggja opp ein solid grunnstamme av frivillige. XtremEidfjord har no meir enn 60 frivillige med på laget. Første helga i desember er dei inviterte til treningssamling på Dyranut. Expedition Amundsen er frå 11.11. 2015 registrert som varemerke i Varemerkeregisteret. Me reknar med at XtremEidfjord får godkjenning som registrert varemerke innan utgangen av 2015.

TEKST : Lilliann Høyvang Andreassen



LÆGREID SKULE - UNGT ENTREPRENØRSKAP

3 og 4 klasse ved Lægreid skule har i oktober delteke på Ungt Entreprenørskap sitt opplegg knytt til Vårt Lokalsamfunn.

Ungt entreprenørskap er ein ideell organisasjon som arbeider for å fremje entreprenørskap på alle nivå i utdanninga for barn og unge. Opplegget som 3 og 4 klasse deltok i hadde som tema «Vårt Lokalsamfunn», der målet var å læra om eige lokalsamfunn. Kva er eit lokalsamfunn, og kva kjenneteiknar Eidfjord som lokalsamfunn.

Rettleiar i dette opplegget var denne gongen assisterande rådmann i Eidfjord kommune. I tillegg deltok Evy janita Midtbø og Gunnhild Sekse frå skulen.

Det var ein svært engasjert og positiv gjeng med 14 elevar som gjekk gjennom ein heil skuledag med ulike tema innfor området. Dei fekk både noko teori som grunnlag for temaet, og dei fekk arbeide mykje i grupper.

Dei fekk til slutt laga forslag til sine eigne variantar av eit lokalsamfunn med sine tilbud og tenester. Som vist på bildene tekne av «eksamensoppgåva». Alle fekk til avslutning diplom for vel gjennomført dag.

TEKST OG FOTO: Geir Underhaug

Opningstider/det skjer i jola

Gudstenester i desember

03.12.2015 kl. 09.45	Teatergudsteneste
15.12.2015 kl. 12.20	Adventsgudsteneste
24.12.2015 kl. 16.00	Jolaftansgudsteneste
25.12.2015 kl. 11.00	Høgtidsgudsteneste
31.12.2015 kl. 16.00	Nyttårgudsteneste

Coop Eidfjord

23.12.15	09-18
24.12.15	09-12
28.12.15	10-17
29.12.15	10-17
30.12.15	10-17
31.12.15	09-14
02.01.16	09-16
04.12.16	15-18

(kort åpningstid grunnet varetelling)

Kommunehuset

24. des.	STENGD
28. des.	09.00 – 14.00
29. des.	09.00 – 14.00
30. des.	09.00 – 14.00
31. des.	STENGD

Legekantoret

24. des.	STENGD
28. des.	09.00 – 14.00
29. des.	09.00 – 14.00
30. des.	09.00 – 14.00
31. des.	STENGD

Legevakt: 56 52 60 03

Quality Hotel & Resort Vøringsfoss

2. joledag er det musikkquiz etterfulgt av dans på hotellet. Quiz startar kl 20, dans kl 22. Hotellet har stengt frå 27. desember til 4. januar

Opningstider Yx Eidfjord Jula 2015

23 Desember	08.00-20.00
Jolaftan	09.00-14.00
1 Joladag	Stengt
2 Joladag	09.00-19.00
27 Desember	09.00-20.00
28 Desember	08.00-20.00
29 Desember	08.00-20.00
30 Desember	08.00-20.00
Nyttårsaftan	09.00-14.00
1 Januar	12.00-20.00

Eidfjord Byggevarer AS

Onsdag	23.12.2015 08.00-16.00
Me held stengt	24.12.2015 til 03 .01.2016.
Måndag	4.01.2016 08.00-16.00

Vil ynskja alle ei god jol og eit godt nyttår.

Joker

Søndag 20.12	14.00 – 18.00
Måndag 21.12	09.00 – 18.00
Tysdag 22.12	09.00 – 20.00
Onsdag 23.12	09.00 – 20.00
Torsdag 24.12	09.00 – 14.00
Fredag 25.12 –	
Søndag 27.12	STENGD
Måndag 28.12	09.00 – 18.00
Tysdag 29.12	09.00 – 18.00
Onsdag 30.12	09.00 – 20.00
Torsdag 31.12	09.00 – 16.00
Fredag 01.01	STENGD
Laurdag 02.01	09.00 – 18.00

MIX Kroa

Onsdag 23.12	10.00 – 22.00
Torsdag 24.12	10.00 – 14.00
Fredag 25.12	13.00 – 22.00
Laurdag 26.12	11.00 – 22.00
Søndag 27.12	10.00 – 22.00
Måndag 28.12	10.00 – 22.00
Tysdag 29.12	10.00 – 22.00
Onsdag 30.12	10.00 – 22.00
Torsdag 31.12	09.00 – 18.00
Fredag 01.01	12.00 – 21.00
Laurdag 02.01	10.00 – 22.00

Nav Eidfjord

Ope	frå kl.	til kl.
Jolafta	Stengt	
Tysdag 29. desember	10.00	14.00
Nyttårsafta	Stengt	

Frå nyttår vert opningstidene: tysdag og torsdag kl 10 – 14.

NAV Eidfjord ynskjer alle god jol og godt nytt år!

Biblioteket

Det er vanleg opningstid på måndag 21.12. og 28.12. Elles er biblioteket stengt.

DEN 3. GAMALFILMFESTIVALEN I FEBRUAR



Kinoen var fullsatt då ein for to år sidan arrangerte Gamalfilmfestival nr. 2

Datoen var ikkje heilt klar enno då EidfjordNytt gjekk i trykken. Men meininga er at det vert ein ny Gamalfilmfestival i kinosalen ein av laurdagane i februar. (Kanskje laurdag 6. februar. Sjekk datoen!) To gonger tidlegare har Kulturkomitéen arrangert laurdagsforemiddag med gamle eidfjordfilmar og -bilete. Og det har vore svært populært. Så her har du noko å gle deg til. Men sjekk datoen på kalenderen på kommunenettsida før du legg i veg til kinoen.

Hilsen fra Kulturkomitéen i Eidfjord v/ Lars Hoel

GOD JOL OG GODT NYTT ÅR FRA OSS PÅ KINOEN



Sundag 20. desember.

Kl. 20.00.

Sensur: Speletid: USA 2015.
Action/Eventyr/Fantasy

«STAR WARS – THE FORCE AWAKENS» 3D

Den etterlengtede fortsettelsen av sagaen! Filmen er satt tretti år etter "Jediridderen vender tilbake" (1983).



Sundag 27. desember

Kl. 20.00.

Sensur: Speletid: USA 2015.
Komedie/Drama/Biografi

"JOY"

Storfilmen JOY er inspirert av den legendariske businesskvinnen Joy Mangano, en oppfinner og entreprenør som grunnla en mektig familiebedrift og imperium. Svik, forræderi, tap av uskyld og knuste hjerter baner vei i denne intense og ekteføyte komedien.

I hovedrollen ser vi Jennifer Lawrence og i øvrige roller ser vi Robert De Niro, Bradley Cooper, Isabella Rossellini m fl.



FOTO.: René Rovers

UNGT-PROSJEKT

CD-innspeling i Eidfjord

av Inger - Kristine Riber

I haust har KulturFjorden og Twang Gang jobba med eit UNGT-prosjekt i Eidfjord for og fremja samhald, samhandling og styrking av hardangerkjensla hjå barn og unge i regionen. Gjennom hausten har kulturskuleelevar frå heile Hardanger samarbeidd med profesjonelle musikarar og me er stolte over å kunne publisere denne CD-en som eit resultat av det musikalske samarbeidet mellom kulturskuleelevar i dei 7 Hardanger kommunane hausten 2015. Takka økonomisk stønad frå Sparebankstiftinga Hardanger og Hardanger Kulturråd kunne prosjektet setjast i gang, og i desember vert det mogeleg og kjøpa ein rykande fersk jula-CD med gode gamle julerockarar i 50-tallsstil. under er ein liten presentasjon av nokre av eidfjordingane som tok del i prosjektet.



SUNNIVA MEDHUS (16), SONG

Aktuell låt: Santa Baby

Eg har vore litt av/på-elev i kulturskulen sidan 2/3 klasse,. Det var veldig spanande, kjekt å kunne ta del i innspelinga. Eg møtte nokre koselege jenter frå Odda, dei song dei óg. Det blir veldig kjekt å få høyre det ferdige resultatet, sidan eg berre hørde delar av songen eg song på.

Trur du CD-en er noko folk flest kan ha gleda av? - Ja, det vil eg tru :-)



MATILDE LIMSTRAND (14), SONG (spelar òg gitar)

Aktuell låt: Sleighbell Rock

Eg byrja i kulturskulen på piano siste året i barnehagen. I fjerde klasse byrja eg på song med Lynna. Det var spanande å vera med å spela inn CD, eg har gjort det før men det vart ikkje noko stort ut av det. Eg er spent på resultatet, og har høyrt ein liten bit av det. Eg håper folk får gleda av CD-en, og eg trur dei i familien min vil kjøpa.



HÅVARD SÆBØ (16), GITAR


Aktuell låt: Sleigh Ride, Dig That Crazy Santa Claus og Santa Claus is back in town

Det var spanande og vera med, og er svært spent på resultatet. Eg trur folk flest vil ha stor gleda av plata.

CD-slepp 10. DESEMBER KL 19:30
SAMFUNNSHUSET I EIDFJORD



PRIS PR CD KR 100,-



Lang og tru teneste i Eidfjord kommune



2 tilsette hadde no 25 år samanhengande teneste i Eidfjord kommune. Desse er: Anne Bente Hotle og Willy Eide.

24. november inviterte arbeidsgjevar til festmiddag for å markera dette, og få høve til å gje dei ei påskjøning for lang og tru teneste i Eidfjord kommune. Etter 25 år hjå same arbeidsgjevar, har dei mykje erfaring og kunnskap som er til stor glede for oss som arbeidsgjevar og dei me yter tenester til. Me vil takka for innsatsen, og vonar me får halda fram med å ha dei i arbeid i mange år framover og.

FOTO: *Aud Oppheim Lygre*
TEKST: *Elisabet Joleik*

